

# Bjerkreimsongen

Tone: Å, Vestland, Vestland

Du Bjerkreim bygd som ligg der ven og vid  
med gard og grend, så gjæv frå gammal tid,  
med åker, eng og beitemark og myr,  
der lerka leikar seg så glad og yr.

Når sola skin på grøne gras og grunn,  
me arbeidsglade går frå morgonstund,  
og haustar grøde heim til sola fell.  
Me fegne stupar så i seng om kveld.

På Faure fjell og høge Rambjør-hei  
går smalaflokkar gilde langt av lei.  
Me fjåge flyg i einerkraft og lyng  
og sankar sau der foss og bjøller syng.

Og raunbær rodnar under haustsol klår.  
Frå stråa rislar rimfrost der du går.  
I råkald vinter med blå is på bø  
då lokkar Stavtjørn, sol og glitresnø.

Om tida sviv med dim og dulde draum,  
så vent me vaknar til ein vårsolflaum.  
All skapning livnar, - gauken gjel så vill  
til heggeblom og vårkveld, mjuk og mild.

I Bjerkreim budde slik vårt frendefolk  
i segn og sogesús frå bolc til bolc.  
Nå framtidsvona lyser rein og klår  
for folket heime her i bygda vår.

Tekst: Solveig og Ole Nedrebø